




Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon- Austrheim - 139/7 - Solend - deling nausttomt og bygging av naust

Vi viser til brev frå kommunen datert 28.06.22. Frist for uttale er sett til 26.08. Saka gjeld søknad om deling av to nausttomtar for å bygge to naust. Dei to omsøkte tomtane er merka A og B på situasjonskart, og er på 44 BYA m2 kvar. Det er naudsynt med dispensasjon frå både LNF-formålet i kommuneplanen og frå bygge- og deleforbodet i 100-metersbeltet.



Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i lovas formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.



I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08).

Sjølv om Austrheim ligg i sone 3 i dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, så er retningslinjene klåre på at strandsona skal planleggast i overordna plan. Dette er viktig for å hindre ein bit for bit utbygging av strandsona. I denne saka er naudsynt med dispensasjon frå både LNF-formål og frå bygge- og deleforbodet i 100-metersbeltet mot sjø.

Det ligg eit naust få meter nord for omsøkt tiltak, og eit småbåtanlegg og eit naust om lag 30 meter lengre nord. Vi er ikkje samd i at bygging av to naust sør for eksisterande tiltak kan reknast som fortetting. Dette vil vere å utvide bygd areal i strandsona i ei retning som i dag er ubygd. Slik vi ser det vil ein dispensasjon som omsøkt legge til rette for eit nytt naustområdet i LNF-formål i kommuneplanen. Dispensasjon til deling og bygging av to naust her, vil også føre til eit press for å realisere andre naustrettar her.

Strandsoneverdiane omfattar ikkje berre tilgjenge, men også landskap og naturmangfald. Strandsona og LNF-områder skal i utgangspunktet vere ubygd. Bygging av to nye naust her vil påverke særleg landskap og at strandsona vert meir bygd, med området vert også meir privatisert. Kommunen skriv at arealet ligg i sitkaskog. Vi kan ikkje sjå at dette er riktig. Arealet er i NIBIO kartlagt som lauvskog, og det ser ut som dette stemmer på flyfoto. Sjølv om det er sitkaskog, kan vi ikkje sjå at dette er eit argument for å bygge ned strandsona. Problemet med ev. uønska spreining av sitkagran må løysast på andre måtar.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon til deling og bygging av to naust i saka. Ein dispensasjon i denne saka vil i vesentleg grad tilsidesette kommuneplanen og statlege interesser i strandsona.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN